

Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM) er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Selskapet arbeider med avfalls-løysingar for abonnentar og kundar: Innsamling, tilrette-legging av sorteringsordningar, gjenvinning, energiutnytting og slutthandsaming av avfall. Me samarbeider òg med aktuelle aktørar for å vidareutvikla dei naturlege ressurs-ane i regionen. IHM er sertifisert etter ISO-9001/14001 og OHSAS-18001.

# Prosjektleiar

## – biogass

I Voss kommune sin nye klima- og energiplan er det vedteke at tidlegare gjennomført forprosjekt for biogass basert på biologiske avfallsressursar skal takast vidare mot realisering. Dette arbeidet blir vidareført av IHM i samarbeid med Voss kommune. Med bakgrunn i dette søker me etter den rette personen til å arbeida med framtida for biogass på Voss.

Stillinga gjeld eitt års engasjement. Kontorstad vil vera ved IHM sitt kontor på Voss. Vidare engasjement kan bli aktuelt.

Sjå fullstendig lysing på [ihm.no](http://ihm.no) og [finn.no](http://finn.no). Spørsmål kring stillinga rettar du til Gunnar Bråten på 911 79 820 eller Øyvind Birkeland på 901 26 396.

Søknad med CV og attestar sender du til:  
Indre Hordaland Miljøverk IKS, postboks 161, 5701 Voss,  
eller til [ihm@ihm.no](mailto:ihm@ihm.no) innan 15. august.

Logolink



56 52 99 00 | [www.ihm.no](http://www.ihm.no)

Følg oss på  
Facebook!





# Ledig stilling: Prosjektleder - biogass

*Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM) er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Selskapet arbeider med avfallsløysingar for abonnentar og kundar: Innsamling, tilrettelegging av sorteringsordningar, gjenvinning, energiutnytting og slutthandsaming av avfall. Me samarbeider òg med aktuelle aktørar for å vidareutvikla dei naturlege ressursane i regionen. IHM er sertifisert etter ISO-9001/14001 og OHSAS-18001.*

## Prosjektleder - biogass

I Voss kommune sin nye klima- og energiplan er det vedteke at tidlegare gjennomført forprosjekt for biogass basert på biologiske avfallsressursar, skal takast vidare mot realisering. Dette arbeidet blir vidareført av IHM i samarbeid med Voss kommune. Med bakgrunn i dette søker me etter den rette personen til å arbeida med framtida for biogass på Voss.

### Arbeidsoppgåver

- Prosjektstyring i tett samarbeid med IHM sin rådgjevar for dette prosjektet
- Utgreia ulike tekniske løysingar for biogassanlegg, og tilrå ei løysing for vidare prosjektering
- Skissera avtalar med produsentar/leverandørar av råstoff, og med mottakarar om bruk av bioest
- Utforma ein plan for verdistraumar, tilgang på råstoff og avsetnad for sluttprodukt
- Utgreia struktur for eigarskap
- Utarbeida økonomisk kalkyle og finansieringsplan

### Kvalifikasjonar:

- Høgare utdanning innanfor biologiske-, kjemiske- eller tekniske fag
- Erfaring med biogassanlegg er ynskjeleg, og kan kompensera for manglande formell kompetanse
- Sjølvstendig i arbeid
- Engasjement for å arbeida med miljøretta prosjekt
- Gode evner til å skapa samarbeid, relasjonar og engasjement

Stillinga gjeld eitt års engasjement. Kontorstad vil vera ved IHM sitt kontor på Voss. Vidare engasjement kan bli aktuelt. Spørsmål kring stillinga rettar du til Gunnar Bråten på 911 79 820 eller Øyvind Birkeland på 901 26 396.

Målsettinga for prosjektet er å utarbeida eit grunnlag for avgjerd om ei eventuell realisering. Stillinga er finansiert med midlar frå Voss kommune, Miljødirektoratet, Hordaland Fylkeskommune og IHM.

Søknad med CV og attestar sender du til: Indre Hordaland Miljøverk IKS, postboks 161, 5701 Voss, eller til [ihm@ihm.no](mailto:ihm@ihm.no) (mailto:ihm@ihm.no), innan 15. august.